



Høringsinstansar

Deres referanse	Vår referanse	Saksbehandlar	Dato
	26/00921-4	Tore Gjul	27.04.2026

## Høring av forslag til forskrift om fastsetting av fellingsavgifter for elg og hjort, Surnadal kommune, Møre og Romsdal.

I den nye viltressurslova som trer i kraft 01.07.2026 er det bestemt at innkreving av fellingsavgift må skje med heimel i lokal forskrift for fellingsavgift.

Surnadal kommune v/Hovudutvalg for tenesteutvikling (HTU) har derfor vedtatt å legge ut forslag til slik forskrift på offentlig høyring i 6 veker.

Vedlagt ligg:

- Forslag til forskrift om fastsetting av fellingsavgifter for elg og hjort, Surnadal kommune, Møre og Romsdal.
- Saksframlegg med saksprotokoll.

**Høyringsfrist er sett til: 8. juni 2026.**

Høyringsuttalar skal være skriftleg og kan sendast som brev eller epost til Surnadal kommune. Postadresse og epost finn ein nederst på dette brevet.

Med helsing

Tore Gjul  
Skogbrukssjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur*

### Liste høringsinstansar:

Surnadal storviltvald	v/leiar Ståle Ansnes
Todalen hjorteviltområde	v/Ståle Ansnes
Midtre Surnadal hjorteviltområde	v/Knut Østbø
Kvanne hjorteviltområde	v/Bergsvein Brøske
Nordmarka hjorteviltområde	v/Arold Moen
Øvre Surnadal hjorteviltområde	v/Olai Solem
Årnes-Glærum hjorteviltområde	v/Sjur G. Skuggevik
Åsskard hjorteviltområde	v/Nils Gunnar Sætherø
Surnadal Jeger- og Fiskerforening	v/Turid Sættem Eggen
Surnadal Bondelag	v/Oddvar Mikkelsen
Surnadal skogeigarlag	v/Ingebrigt Garthe
Todalen bondelag	v/Ståle Ansnes
Surnadal bonde og småbrukerlag	v/Anne-Berit Wedlog Kvendset

I tillegg blir høringsbrevet lagt ut på heimesida til Surnadal kommune, under Kunngjering/Høyring.  
<https://www.surnadal.kommune.no/kunngjering-hoyring/>

## **Forslag til ny forskrift for fastsetting av fellingsavgift for hjort og elg:**

### **Forskrift om fastsetting av fellingsavgifter for elg og hjort, Surnadal kommune, Møre og Romsdal.**

Heimel: Fastsett av Hovudutval for tenesteutvikling [dato] med heimel i lov 20. juni 2025 nr. 102 om jakt, fangst og felling av vilt mv. (viltressursloven) § 9 fjerde ledd.

#### **§ 1. Fellingsavgift for elg og hjort**

Fellingsavgift blir krevd inn etter forskrift 15. mai 2011 nr. 537 om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort § 6, jf. viltressursloven § 9 fjerde ledd. Satsar for fellingsavgift blir sett til maksimal sats for fellingsavgift gitt i Stortingets budsjettvedtak.

Kommunen kan vedta redusert sats eller fritak frå fellingsavgift ved spesielle høve.

#### **§ 2. Ikrafttredelse**

Forskriften trer i kraft 1. juli 2026.

---

Arkivsak-dok.	26/00921-2
Saksbehandler	Tore Gjul

Saksgang	Møtedato
Hovudutval for tenesteutvikling	22.04.2026

---

## Saksframlegg

### Forskrift om fastsetting av fellingsavgifter for elg og hjort, Surnadal kommune, Møre og Romsdal

#### Kommunedirektøren sin innstilling:

Surnadal kommune legg forslag til «Forskrift om fastsetting av fellingsavgifter for elg og hjort, Surnadal kommune, Møre og Romsdal» ut på offentlig høyring i 6 veker.

#### Saksopplysningar

Kvart år krev kommunen inn fellingsavgift av hjort og elg etter at jakta er avslutta. Det er ei årleg inntekt på omlag 200.000,- kr. som i all hovudsak blir bruk til fallviltarbeid (ettersøk av påkjørte dyr mm) og tilskott til vilttiltak.

Satsane for fellingsavgiftene i Surnadal kommune er pr no fastsett i vedtak i Formannskapet den 7/5-2024, sak 35/24.

#### Ny viltlov

Stortinget har vedtatt ny viltlov som trer i kraft 01.07.2026. Her er link til den nye lova: [Lov om jakt, fangst og felling av vilt mv. \(viltressursloven\)](#)

§9, 4. ledd i den nye lova seier at:

*I kommuner der det er adgang til jakt på elg, hjort eller rådyr, skal kommunen etablere et kommunalt viltfond som har til formål å fremme viltforvaltningen i kommunen. **Kommunen kan gi forskrift om fastsetting og innkreving av fellingsavgift for hvert dyr som felles av elg og hjort, innenfor rammer fastsatt av Stortinget. Inntektene fra fellingsavgiftene skal tilfalle det kommunale viltfondet.***

Fellingsavgift etter den nye viltlova må fastsettast i ei forskrift. Sjå også vedlagt brev oversendt frå Møre og Romsdal fylkeskommune den 27.01.2026. I den gamle viltlova var det nok med eit vedtak for å fastsett satsane for fellingsavgift. Kommunen må derfor innføre forskrift for å ha heimel til å krevje inn fellingsavgift frå og med hausten 2026.

Dette kan gjærast på to måtar. Enten ved å fastsette ny forskrift eller gjere endring i ei eksisterande forskrift. Kommunedirektøren forslår å innføre ei ny forskrift.

HTU har etter ny politisk struktur rolla som «viltnemnd», og har fått delegert mynde til å fastsette forskrifter med heimel i viltlova. I og med at dette gjeld forskriftsarbeid så er det visse formkrav som må følgast. Da blir derfor lagt opp til slik saksbehandling:

1. HTU-møte 22. april: Sak om ny forskrift ut på off.høring.
2. Offentleg høyring: 6 veker
3. HTU-møte 17. Juni: Vedtak av ny forskrift.
4. Kunngjering i Norsk Lovtidend (Lovdata)
5. Forskrift blir gjeldande frå 01.07.2026, samtidig med at ny viltlov trer i kraft.

Fellingsavgift og kommunalt viltfond er regulert i forskrift som heiter: [Forskrift om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort](#).

Denne nasjonale forskrifta gir rammer for kva fellingsavgifta og viltfondet kan nyttast til.

### Vurdering

Fellingsavgifta er ei viktig inntekt for kommunen. Den finansierer bla. fallviltarbeidet i kommunen, dvs. ettersøk etter påkjørte dyr. I tillegg gjer denne inntekta at kommunen kan gi tilskott til ulike viltformål. Det er derfor viktig at kommunen har lovheimel til å krevje inn denne avgifta.

Det ligg med forslag til ny forskrift som er etter ein mal frå Lovdata/Landbruksdirektoratet. Forskrifta består av to paragrafar med slik tekst:

#### § 1. Fellingsavgift for elg og hjort

*Fellingsavgift blir krevd inn etter forskrift 15. mai 2011 nr. 537 om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort § 6, jf. viltressursloven § 9 fjerde ledd. Satsar for fellingsavgift blir sett til maksimal sats for fellingsavgift gitt i Stortingets budsjettvedtak.*

*Kommunen kan vedta redusert sats eller fritak frå fellingsavgift ved spesielle høve.*

#### § 2. Ikrafttredelse

*Forskriften trer i kraft 1. juli 2026.*

Ein slik tekst gjer at satsane for fellingsavgiftene følgjer maksimalsatsane som staten fastsett. Disse blir justert annakvart år, slik at dei følger prisstigninga. Maksimalsatsane for 2025 og 2026 fastsett av Staten til slike summar:

Fellingsavgift elg, voksen: 670 kroner.

Fellingsavgift elg, kalv: 400 kroner.

Fellingsavgift hjort, voksen: 520 kroner

Fellingsavgift hjort, kalv: 310 kroner

I §1 er det tatt inn eit 2. ledd som gir opning for å vedta redusert sats eller gi fritak for fellingsavgift. Dette er tatt inn for å kunne vidareføre ei ordning vi har hatt i mange år, og som er med i vedtaket frå 2024:





*For dei vald/hjorteviltområder som har reglar om skrapdyr og nedklassifisering av dyr i sine bestandsplanar blir det innført slik ordning:*

*-For kalv som blir klassifisert som skrapdyr skal det betalast ei fellingsavgift på kr 0,- Dette gjeld skrapkalv både av hjort og elg.*

-For ungdyr som blir nedklassifisert til kalv skal det betalast fellingsavgift for kalv. Dette gjelder ungdyr både av hjort og elg.

Dette er ei ordning for å «premiere» uttak av små og svake dyr.

Innføring av slik forskrift vil ikkje påverke satsane for fellingsavgiftane her i kommunen. Vi har brukt maksimalsatsane frå Staten i mange år.

	FNs bærekraftsmål	Beskrivelse
<b>Økonomi</b>		Ingen kommentar
<b>Sosiale forhold</b>		Ingen kommentar
<b>Klima og miljø</b>		Fordel for livet på land, da ein har midlar til tilskott til viltformål.
<b>Samarbeid</b>		Ingen kommentar

## Vedlegg

Brev frå Møre og Romsdal Fylkeskommune til kommunene om forskrift om fellingsavgifter.  
Forslag til Forskrift om fastsetting av fellingsavgifter for elg og hjort, Surnadal kommune.

## Saksprotokoll

Arkivsak-dok. 26/00921  
Saksbehandler Tore Gjul

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Hovudutval for tenesteutvikling	22.04.2026	11/26

### Forskrift om fastsetting av fellingsavgifter for elg og hjort, Surnadal kommune, Møre og Romsdal.

---

#### Hovudutval for tenesteutvikling har behandlet saken i møte 22.04.2026 sak 11/26

#### Votering (9 voterande i saka)

For forslaget stemte 9: Eva Jorid Svendsen (AP), Jorid Aarvåg (AP), Ken Marius Pedersen (AP), Odd Asbjørn Bævre (AP), Kjell Johan Larsen (H), Odd Magne Gulla (H), Espen Fougli Vraalsen (MDG), Heidi Gravvold Sæter (R), Silje Beate Holten (Sp).

Dermed ble innstillingen vedtatt.

#### Hovudutval for tenesteutvikling sitt vedtak

Surnadal kommune legg forslag til «Forskrift om fastsetting av fellingsavgifter for elg og hjort, Surnadal kommune, Møre og Romsdal» ut på offentlig høyring i 6 veker.